



Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

Bjørn-Atle Drange

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
17/149430-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.10.2017

Søknad om utvida mellombels dispensasjon for lagerhall på Gjervikflaten, gnr. 188 bnr. 5 – Lindås. Avkøyring til riksveg E39

Vi viser til Dykkar nabovarsel av 06.09.17 med søknad om utvida midlertidig dispensasjon for lagerhall på Gjervikflaten for Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS på eigedomen gnr. 188, bnr. 5 i Lindås kommune.

Lindås kommune gav 27.08.13 løyve til oppføring av mellombels lagerhall i område som i kommuneplanen sin arealdel er vist som LNF-område etter at Statens vegvesen hadde gjeve uttale i saka. Statens vegvesen handsama søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyring til eigedomen og gav i vårt brev av 30.10.13 utvida bruk av eksisterande avkøyring til riksveg E39 for oppføring av lagerhall for Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS med krav til frisikt på 4x135 meter utan krav om ytterlegare utbetring av avkøyringa i samsvar med dei tekniske krava i handbok 017 (no N100).

I vårt brev av 04.06.15 gav vi uttale til søknad om forlenging av tidlegare mellombels løyve gjeve den 27.08.13 av Lindås kommune. I brevet gav vi positiv uttale til søknaden om forlenging av løyvet med inntil to år eller for eit kortare tidsrom dersom arealdisponeringa av det aktuelle arealet på Gjervikflaten vert avklara gjennom rullering av kommunedelplanen. Kommunedelplanen for Gjervik er under rullering, men dette arbeidet er ikkje avslutta.

Vi oppfattar no saka slik at det på nytt vert søkt om forlenging av det mellombels løyvet for lagerhallen på Gjervikflaten, gnr. 188, bnr. 5.

Statens vegvesen vurderer søknaden på same måte som tidlegare i 2015 og har derfor ikkje vesentlege merknader til at det vert gjeve forlenging av det løyvet frå 27.08.13 for inntil to nye år eller for eit kortare tidsrom dersom arealdisponeringa av det aktuelle arealet på Gjervikflaten vert avklara gjennom rullering av kommunedelplanen før denne tid.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ